

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
050/23	Formannskapet	PS	08.06.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/648

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Formannskapet - 050/23 - 08.06.2023

FS - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om foreløpig rapport frå kommunebarometeret, slik det ser ut er det mykje bra, men vi må sjå nærare på kva som ligg bak tala. Dokumentasjon blir sendt ut. Det var nemnt at lånetala på bilbloteket ikkje er så høge, og til det kommenterte Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) at biblioteket gjer ein fantastisk jobb på andre måtar, noko fleire var einig i.

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka med avvik på elektroniske bekymringsmeldingar til barnevernet. Det er svært alvorleg hending, og kjem grunna eit systemsvikt hos Visma. Austrheim har ikkje tatt i bruk digital bekymringsmelding. Sidan vi er ein del av Alver barnevernteneste som har brukt systemet, kan det vere ein del som har valt Alver når dei har sendt inn bekyringsmeldingar. Kommunalsjefen har bedt einingsleiarane om at dei sikrar at meldingar dei har sendt inn er kome fram til Alver barnevernteneste. Feilen er retta og Austrheim ønskjer og ta i bruk meldingstenesta etterkvart.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Saksopplysninger: